

Eg heiter Knut Dale, og eg er leiar i Odda Mållag. Det er Odda Mållag som har gjort opptaket til dette møtet. Me er glade for at Odda Mållag, i lag med Ullensvang- og Voss Mållag, er til stades som medtilskiparar. Noregs lærarmållag er og medarrangør. Me er glade for at direktøren i språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen, sa ja til å stilla opp og innleia til liks med ordføraren på Stord, Liv Kari Eskeland, og leiar i Noregs Mållag Marit Aakre Tennø. For målrørsla er sidemålsspørsmålet utan tvil den viktigaste saka på mange år. Eg meiner at berre læremiddelsaka som vart kjempa fram til siger på 1970-tallet som kan samanliknast med denne sidemålssaka. Eg håper og trur at dette møtet kan verta opplysende og at me kan høyra på kvarandre og kanskje endra standpunkt. I dag så byrja eg på det 34. året som norsklærer i den vidaregåande skule. Eg var sju år i Vadsø, to år i Førde, og 24 år i Odda. Dette er truleg noko av bakgrunnen for kvifor eg har engasjert meg såpass sterkt i saka. Og då vil eg gje ordet til ordstyraren i kveld, Vigleik Brekke. No informasjonsrådgjevar i Fjell kommune. Men mest kjend som redaktør i Kystradioen i ein liten mannsalder. Versegod Vigleik, ordet er ditt.

Takk skal du ha. Det er liksom litt gjevt å starta med eit sitat, er det ikkje det? Då vil eg fyrst prøva meg på å ta eit sitat i starten, men altså eg er ikkje heilt sikker på om det står i det nya testamentet eller om det står i det gamle testamentet, men det var iallfall Paulus som hadde sagt det at du skal få ein dag i morgon. Men kan kanskje starta med eit sitat av Ivar Aasen som kan vera litt sånn at det kan ligga litt under når me skal ha denne debatten i kveld. Det er ikkje så lett å reisa opp som å riva ned, sa Ivar Aasen ein gong, så det kan kanskje vera noko me kan tygga litt på når me skal ut i debatten. Og det kan me ha som ein liten overskrift i bakhovudet. Sjølv er eg informasjonsrådgjevar i Fjell kommune. Eg kan nemna at Fjell kommune vedtok målbruksplanen no rett før sommaren, og den blei samrøysta vedtatt i 2013. I 2001 var det mot FrP sine røyster, så me ser at dei kjem etter oss dei aller fleste. Då set me over til Arnfinn Muruvik Vonen.

Arnfinn Muruvik Vonen: Tusen takk for det, og hjertelig takk til alle arrangører av dette møtet for invitasjonen til å komme hit til Bergen i kveld for å innlede på dette veldig interessante møtet om sidemål og språkpolitikk. Det jeg har tenkt til å gjøre er å trekke opp et resonnement som begrunner hvorfor sidemålsordningen er ønskelig ut fra den overordnede språkpolitikken som vi har her i Norge. Og da kommer jeg til å trekke tungt på fremstillingen i det som er grunnlagsdokumentet for offisiell norsk språkpolitikk, nemlig språknemda mål og mening; en hel skapelig norsk språkpolitikk, en stortingsmelding fra 2008. Nærmere bestemt stortingsmelding 35 2007/2008, i kapittel 9. Før jeg gjør det vil jeg likevel koste på meg noen sekunder til å minne om hva språkrådet er for noe og hva det ikke er. Av og til kan man få et inntrykk av at språkrådet er en språkpolitisk interesseorganisasjon som mener ting på måter som kan sammenlignes med hvordan andre språkinteresseorganisasjoner mener ting, altså for eksempel da mållaget eller riksmålsforbundet eller en hel rekke slike organisasjoner. Det som jeg da gjerne må minne om det er at språkrådet ikke er en slik språkpolitisk interesseorganisasjon. Språkrådet er et statsorgan, vi er til for å være et kompetansesenter for språk knyttet til norske myndigheter, og for å bidra til å realisere målene i den offisielle norske språkpolitikken. Dette er noe annet enn at vi bare mener ting, for meninger er det altså forskjell på å bringe inn i debatten politiske målsettinger og synspunkt som er det gjeldende, altså det som det er enighet om. Av og til trenger man å være med i debatter for å minne om disse språkpolitiske målsettingene, for eksempel så glemmer andre aktører at utdanningspolitikk inneholder elementer av språkpolitikken, og da må vi av og til rykke ut for å minne om det. Sidemål og hovedmål er altså vanlige betegnelser på de to målformene våres, skriftmålene våres nynorsk og bokmål, i skolesetting. Da på den måten at den målformen som en elev ikke har som sin opplæringsmålform kalles da gjerne

sidemålet, mens den målformen som er opplæringsmålformen, altså den foretrekkende målformen, kalles hovedmålet. Min målsetting er å forklare hvorfor det og skulle lære sidemål er en noe som følge av den overordnede skolepolitikken. Det viktigste målet i norsk språkpolitikk er å verne om, og styrke det norske språket. Det selvfølgelige språket i samfunnet vårt, som er samfunnsbærende og som kan brukes på alle samfunnsområder. Det norske språket det er et mangfoldig fenomen, det omfatter en lang rekke av talemålsvarianter og dialekter, og det omfatter også to offisielle skriftspråk, bokmål og nynorsk. Det er det som er det norske språket, det er det som skal styrkes, bevares og videreutvikles i en verden hvor ting som tidligere har vært ansett som følgelig, som ikke lenger kan anses som selvfølgelig. Man tenker da ofte på engelsk som et språk som gjøre seg gjeldende og sterkere i mange samfunnssektorer i dag enn det gjorde for en del år siden. Slik at denne selvfølgeligen man har sett på det norske språk på kan man ikke regne med lenger. Det var historiske grunner for at dialekt mangfoldet våres motsvares av to offisielle skriftspråk, som jeg er sikker på at de aller fleste i denne salen er vel kjent med. Så det er altså to alternative tilnærminger til den utfordringen man hadde på 1800-talet, da man i november grunnloven 1814 hadde fått skrevet inn at det norske språk skulle brukes i den norske forvaltningen. Og det norske språk var den eneste mulighet til å forstå hva de mente med det den gangen, det var da på dansk. Det var noe annet enn svensk som man da ønsket å holde utenfor norsk forvaltning. Men så skal man si at tiden utover 1800-talet gikk utpå å finne ut hva skal man da fylle dette begrepet eller betegnelsen det norske språket med, viss man skulle ha noe annet enn det danske. Da var det sånn at vi kjente til to tilnærminger, den ene var Knut Knudsens tilnærming som gikk ut på å bearbeide og redigere, og forandre på det danske skriftspråket slik at det ble stadig nærmere det norske, i hvert fall da visse varianter av norske talemål. Mens den andre tilnærmingen var den som årets to hundre jublant Ivar Aasen stod for, nemlig å gjøre et solid stykke forskning for å finne ut hvordan er egentlig det språket som snakkes rundt omkring i Norge også konstruer om man vil en skriftform i utgangspunkt i det, og med et blick til det gamle norske skriftspråket fra middelalderen. Siden 1885, likestillingsvedtaket i stortinget, så var begge disse resultatene av tilnærmingene vært ansett som legitime begge to. Begge to, det vi kaller nynorsk og bokmål, er likeverdige skriftspråk på uttrykksform i det norske språket. Vi ser at det brukes i opplæring, offentlig administrasjon, i kringkasting, lover, forskrifter osv. I praksis er det likevel lett og se at de ikke er ved like fot i en hver sammenheng. I visse sektorer spesielt er bokmål dominerende, det er gjelder ikke minst i næringslivet, i reklamer og i teknologi. Det gjelder riktig nok ikke for hele landet, men i det aller meste av landet. For øvrig er det en høyere sammenfallende verdi i samfunnssektorer, og norsk ser ut til å være spesielt trua av engelsk. Man ser at i prinsippet er det to likestilte skriftspråk, men i realiteten er de ikke helt likestilte. Slik at man kan si det sånn at i praksis er nynorsk er diskriminert skriftspråk, delvis av strukterte grunner fordi det er mindre brukt enn bokmål og delvis av grunner som har med holdninger å gjøre. Vi ser at for eksempel de store riksdekkende avisene bruker i veldig liten grad nynorsk. Vi ser at de lovene og reglene vi har som er ment og skulle styrke måljevnsstillingen, og slik sett beskytte den svake av de to svakstilte målformene, altså nynorsk. Disse reglene blir ikke alltid fulgt, for eksempel er det sånn at mange statsorgan ikke følger lov om voldsbruk i offentlig tjeneste og det er også relativt ofte at vi opplever at opplæringslovens sine bestemmelser om at læremiddel skal være tilgjengelig på samme tid på bokmål og nynorsk ikke blir fulgt helt ut. I 2002 så kom den formelle avslutningen av den så kalte tilnærmingspolitikken, som hadde dominert mesteparten av 1900-tallet, som gikk utpå at man skulle jobbe for at nynorsk og bokmål en gang skulle smelte sammen til et norsk skriftspråk. Fra 2002 har vi ikke noen slike målsetninger om at disse to skal tilnærmes hverandre, nå går den offisielle

norske språkpolitikken utpå at de to skal utvikle seg på egne premisser. Viss man arbeider for at det skal være et norsk skriftspråk, sier man i praksis at man ikke da vil lage et skriftspråk som er basert på en sammensmeltning av de to, men at man skal være veldig for at nynorsk skal blir fratatt den jevnstillingen som det formelt sett har i dag. Det vil jo da bli oppfattet som et uttrykk for at man ikke lenger ønsker et språklig mangfold i landet og sånn sett vil være i strid med det som ellers er vanlig målsetning både i norsk og internasjonal språkpolitikk. Nynorsk og bokmål, begge målformene angår oss alle ved at dem er to sjølvstendige og likeverdige målformer, og det at dem er begge to nødvendige for den delen av helheten vi kan kalle for norsk kultur og språk. Sånn sett ser vi i dag at vi har to målformer som er en berikelse for den norske skriftkulturen. Vi har dobbelt uttrykksregister og dobbel språklig verdi. For at dette skal utvikle seg på en bra måte så er det da nødvendig at staten legg til rette for at den svakere stilte av de to skal få oppleve i realiteten den jevnstillingen som er der i prinsippet, og som blir truet på grunn av ulike maktprosesser og ulike utviklingsprosesser i samfunnet. Det har siden begynnelsen av 2000-tallet vært en bred enighet blant norske politikere om at man trenger en positiv av diskriminering, altså at man må gi nynorsken en ekstra støtte. Delvis fordi alle trenger en allmenndannelse tiltak, alle som bor her i landet skal få gleden av å ta del i den norske språklige rikdommen og delvis fordi de som er primærbrukere av nynorsk skal få innfridd sine rettigheter og synliggjort sin målform. For at denne styrkning skal skje må man først og fremst forsøke å påvirke to faktorer, den ene er antall primærbrukere som snakker nynorsk, og den andre er totale bruken av nynorsk i samfunnet. Når det gjelder antall primærbrukere så ser man da blant annet at mange unge skolelever skifter fra nynorsk til bokmål som hovedspråk eller opplæringspråk i løpet av skolegangen, og man ser på muligheten for å motvirke denne tendensen. Når det gjelder det andre hovedfaktoren, den med total bruk av nynorsk i ulike sektorer, så kommer det med krav til de som er primært bokmålsbrukere inn i bildet. Altså for at ikke nynorsk skal bli ytterligere svekket så må man delvis hele tiden passe på at nynorsken ikke blir uteglemt, ikke blir oversett og at det ikke blir underrepresentert i ulike sammenhenger på grunn av bokmålsdominansen, men delvis må man også holde fast ved og følge opp krav til dem som er primært bokmålsbrukere om at det dem skal bidra til de skal gjøre nynorsken mer brukt og mer syngelig. Da er det da det offentlige, staten, som er et godt eksempel på noen som kan gå foran med et godt eksempel. Og i skolen at elevene skal lære å bruke, ikke bare lese, men også skrive begge målformene noe som da er en forutsetning for at man i første omgang skal kunne forvente at statsansatte kan bruke begge målformene og dermed bidra til at nynorsk blir mer brukt, og mer synliggjort i samfunnet. Sidemålsordningen er dermed delvis et allment danningstiltak for at alle som bor her i landet gjennom sin skolegang skal få bli kjent med hele det norske språket, og ikke bare den ene målformen. Og delvis et hjelpemiddel for at skal være mulig å oppfylle de reglene som ligger i målloven, men også i andre regelverk som for eksempel i NRK sine vedtak om bruk av nynorsk i samfunnet. Og at den bruken av nynorsk i samfunnet må delvis skje ved at primært bokmåls brukere trår til.

Vigleik Brekke:

Då skal straks Liv Kari Eskeland kome fram. Hu er ordførar i Stord kommune, og ho nemnde i forbifarten at Stord kommune fekk nynorsksprisen i 2009. Ho skal snakka om sidemålssaka, frå synsstaden til ein nynorsk kommune.

Liv Kari Eskeland.

Takk skal du ha! Kjære alle samene, eg vil takka for invitasjonen. Det var veldig spennande å få det på agendaen, spesielt i ein valkamp. Me er jo nokon parti som har fått anledning til å drøfta detta her ganske inngående på varansmøtet, og det vil me sikkert får anledning til å få diskutera etter kvart. Eg er då så utrolig heldig at eg får lov å vera ordførar i da som blir kalla verdas største nynorskby. Eg trur det va Magne Rommetveit som sitter her, som var ordførar i før meg, som innførte dette. Me bruker det råde i forhold til vår identitetsbygging, og det å skapa ei flott sjølvkjensle av det å vera Stordabu. Eg fekk tittelen sidamålsstilen sett frå synsstadene til ein nynorsk kommune, men for oss er ikkje nynorsk sidemål for oss er nynorsk hovudmål. Og me brukar nynorsk som hovudmål, og eg har tenkt å snakka om kor flott det er og vera ein kommune som kan nytta seg av nynorsk som hovudmål. For elevane ved Stord skulen er det bokmål som er sidemål, og dei har ingen problem med og tileigna seg sidemål. Dei har derimot eit mangfald å ta av når det gjeld sidemål, som eigentleg er ubegrensa. Det mesta ein les i media, og det mesta ein les av skjønnslitteratur finn dei på bokmål, altså deira sidemål. Det som er problemet er å finna den gode litteraturen på nynorsk, men når eg seier detta så er eigentleg ikkje det noko problem heller. Me har fantastisk mange flotte nynorskforfattarar, som me brukar ein festival på, ein gong i året, og løfta fram. Dette er også ein del av den identitetsbygginga som me har, og som me brukar. Stord er ein kommune med cirka 18 000 innbyggjarar, med haldt om lag i Sunnhordalands kommunane på cirka 60 000, og me er regionscenter i regionen Sunnhordaland. Eg trur at samtlege av dei kommunane som er rundt oss i relativt stor grad brukar nynorsk som sitt hovudmål. Me grensar mot byane Bergen i nord og Haugesund i sør, og som alle veit er det bokmål som er det gjeldande skriftspråket der. Men i tillegg til å ha våre 18 000 innbyggjarar i kommunen vår så har me cirka 80 nasjonalitetar lokalisert i Stord, pluss/minus, gjennom året, fordi Stord er ein industrikommune med mange internasjonale bedrifter lokaliserte. Eg vil seie at det er ein av dei største utfordringane me har, nemlig alle dei andre nasjonalitetane som er med på å påverka språket vårt kvar dag, og detta er noko me må forholde oss til. Så det er ikkje nødvendigvis berre bokmål- og nynorskdiskusjon som me har, men me har og diskusjon kor vidt me skal annonsera på polsk, engelsk og spansk osv. Sett i eit beredskapsmessigperspektiv så er det ei utfordring som me kjenne vel så sterkt på som i forhold til detta med bokmål og nynorsk. Ein anna utfordring gjeld internasjonale gjester og innbyggjarar som gir oss eit mangfald som me set veldig stor pris på. Det er det som handlar om språkopplæring på norsk. Og me ønskjer å ha den språkopplæring på nynorsk, og grunnen til det er fordi dei som kjem til vårt lokalsamfunn skal forstå kva me seier. Dersom dei sit å lese, og får sin opplæring på bokmål så vil dei få eit problem når dei kjem ut i lokalsamfunnet og skal læra og snakka med lokalbefolkninga. No er det blitt veldig mykje betre, men me hadde nokre rundar med dei som er tilsette på vaksenopplæringa i forhold til å ha eit godt nok lærematerial på nynorsk for vaksenopplæringa. Me er og ein internasjonal kommune som vende seg i mot det internasjonale marknaden. Det betyr at veldig mykje går på engelsk i kommunen vår, og eg vil jo seie at eg var ganske så stolt når Stord likevel blei kåra som den fyste kommunen til årets nynorsk-kommune i 2009. Grunnen til det var at me greidde og arbeida for å oppretthalda nynorsk som eit aktivt lokalt bruksmål. Me har nynorsk som vårt offisielle språk og me er relativt bevisst på å fremja nynorsk som vårt språk når me kommuniserer med innbyggjarar og dei rundt oss. Som nynorsk-kommune mottok me den prisen, og det var ein pris på 100 000 kroner. Det har vore ein god del diskusjonar om korleis me skal bruke dei pengane på best mulig måte. Og eg trur det tok bort i mot to og eit halvt år før me blei einige i den diskusjonen. Kommuneleiaren meinte det var ein god investering å bruka pengane på kurs til kommunalt tilsette for og læra seg betre nynorsk. Det kan godt henda det hadde vore veldig bra,

men me brukte berre litt av pengane til det. Mesteparten av pengane har godt til innkjøp av nynorsk litteratur som me har spreidd rundt omkring på skular og barnehagar. Det er klart at ein sånn pris gjer oss inspirasjon til vidare innsats. Og me fekk ei bevisst gjering omkring det at det var nynorsk kommunar rundt omkring i næringslivet. Ein anna måte og innstilla næringslivet på er at me har ein årleg målprisutgjeving. Og då brukar me og sjå litt på stillingsannonser ute i næringslivet, kva språkelig type dei brukar ut i marknadsføring, og kvart år så er det nokon som får denne målprisen. Ein gong i året vert fokuset sett spesielt på næringslivet, og me viser at me set pris på at dei bruker nynorsk. Også som ein liten digresjon, me har fått eit handverkarbygg plassert ute på eit industriområde som me har, og der var det blitt skriva på bokmål, eller i alle fall eit slags bokmål, at dette var eit håndverkerbygg. Og då kom det ein sånn lesarstorm i lokalpresseavisa, noko som var ganske artig. Det blei vist veldig tydeleg at folk er engasjert i dette med nynorsk og dei vil at det som blir annonsert både på bygg og anlegg skal vera skriva på godt og klingande nynorsk. Me brukar sjølv sagt nynorsk i kommunal informasjon og på våre heimesider. Alle våre planar og målbruksplanar blir skrivne på godt nynorsk. Og me har eit rådmannskollegiet som er veldig bevisst på å bruka eit flott nynorsk i sakspapira våre. Det at dette er styrt heilt i frå toppen av rådmannsnivå betyr veldig mykje. Eg har jo sett andre kommunale papir som kanskje ligge litt meir nede i systemet som ikkje alltid brukar lika god nynorsk, men desse sakspapira er ganske kvalitet sikra nynorsk. Og det er flott! Me brukar og nynorsk som ein del av omdømet vårt, me er stolte av å vera verdas største nynorskby. Denne sommaren her har for eksempel Stordfest gått av stabelen, og dei brukar stort sett nynorsk og når eg då går rundt med Stordabu med print på brystet her så gir det meg ein viss stolt. Og det heiter Stordabu og det er eit godt og klingande nynorskord. Me har nettopp fått Sunnhordaland målråd opp på banen, og det er Karin Gjør som er blitt leiar der. Da omdømmet engasjerer seg, og det er noko av det mest viktigaste me har opplevd før. Eg må ærleg seie at dialekten i Stord målet har endra seg opp gjennom dei siste generasjonane. Snakkar ein med dei gamle oppe på Eskeland i dag, som det er få igjen av, så snakkar dei ei anna dialekt enn det me gjere. Og det er noko av det som målungdommen byrjar å ta tak i. For det er mykje bokmål rundt oss og det påverkar oss, og det påverkar spesielt ungdommen. I tillegg til det så er den liten, ungdommen reiser ut tidleg og dei reiser mykje noko som gjer at dei blir påverka av fleire målformer. Og det ikkje berre nynorsken me må ta godt vare på, men og det norske språket generelt. Målungdommen vår som bur på Stord og Sunnhordaland er veldig bevisste på at dei bur i Noreg sin største nynorskby. Og dei har som mål å reisa rundt på skulane og verva nye medlem for å bruka nynorsk og bokmål. Dei prøver å trekka fram gode fordømmar for bruk av nynorsk, og dei gruppene som brukar nynorsk i sin formidling kom høgt opp på lista over dei som er ideala til desse ungdommane. Dei er og veldig bevisst på at dei må vera litt sta for å halda på språket sitt. Falterultum er ein festival, som og er eit døme på det ein brukar i omdømme bygginga vår for å ha god nynorsk. Falterultumfestivalen går av stabelen kvart år, og der er det nynorsk forfattar som står i sentrum. Det som er litt stats er at for nokre få dagar sida har den nynorske litteraturen i Sunnhordaland aldri stått sterkare, og me har masse flotte nynorskforfattarar som me ønskjer å sette fokus på. I den kommunale administrasjonen så er det krav til at ein skal kunna bruka nynorsk. Det står i stillingsannonsane slik at dei som søkjer på ei stilling i Stord kommune er veldig klar over at her det nynorsk som skal brukast. Så er det jo spørsmål; er det betre å ha dårlig nynorsk i brev og sakspapir enn å ha bra bokmål? Og er det slik at det er slik at språkkvalifikasjonane som skal gjelda framfor andre kvalifikasjonar? Dette er nokre spørsmål som me som mindre kommune må ta stilling til for å få tak i kvalifisert arbeidskraft er ikkje alltid lika lett. Eg er politisk, og om me skal bringa språket vårt vidare med tvang eller oppmuntra til dei gode læreverka eller til den gode

litteraturen er eit spørsmål. Men me har mangfald i litteraturen, som me brukar på Stord, noko me er stolte av i Sunnhordland, og som eg håpar kan vera med og bringa nynorsken vidare. Takk for meg!

Vigleik Brekke:

Takk skal du ha! Då skal me gje ordet vidare til leiar i Norges mållag, Marit Aakre Tennø, som skal prata om sidemålssaka i eit mangfald- og jamstillingsperspektiv.

Marit Aakre Tennø: Takk for det, og takk for at eg fekk kome te Bergen i kveld. Det er eit godt oppmøte noko som betyr at me synest at nynorsken er viktig, og det er bra for oss i Noreg sitt mållag. I år feirar me at det er 200 hundre år sida Ivar Aasen var født, men etter 117 år sida han døydde er han blitt eit eige språk. Nynorsk og bokmål er to ulike språk; ulikt språkelig og ulikt historisk opphav. Då jamstillingsvedtaket kom i 1885 så kunne ein knapt skrive nynorsk. Og vedtaket kom heilt avgjerande slik at ein kunne ta til å nytte språket. I dag er jamstillingsvedtaket avgjerande for at me som står på akslane til dei her pionerane skal kunne halde fram å nytta det. Statusen til nynorsken den har svinga frå få brukarar i starten til ei stor auke, og vidare til ein viss tilbakegang og no stabilisering. For nynorsken er relativt stabil. Området for nynorsken krympar nokre stadar for eksempel på sentrale områder på austlandet. Men den held seg oppsiktsvekkande sterkt mange plassar, men få elevane på den vidaregåande skulen bytar frå nynorsk til bokmål. Språkskifter har mest sannsynleg alt vore stort. Men ein har område der språkskiftet nesten ikkje skjer, Sunnhordland er eit eksempel. Sunnmøre, nesten heile Sogn og fjordane og nokre deler av Hordaland finn ein eit relativt lite språkskifte. Men det er ikkje berre me som er avhengige av jamstillingsvedtaket. Jamstillingsvedtaket er avhengig av sidemålsopplæringa og mållova. Kvifor det? Det enkle svaret er for å halde opp nynorsken som eit nasjonalspråk i heile Noreg. Sidemålsordninga sikrar at alle i Noreg meistarar dei to norske skriftspråka. Og lære berre eit vil vera og læra dei eit halvt norsk språk. Gjennom sidemålsopplæringa lærar elevane å lære seg begge dei norske skriftspråke og skrive seg inn i det norske, som det så fint heiter. Sidemålsordninga gjer det og mogleg å velja fritt kva for eit av dei norske skriftspråka ein vil skrive. For oss som skriv nynorsk til daglig så sikrar sidemålsordninga at det er mogleg å oppretthalda gode språklege rettar. Berre visst fleirtalet meistarar mindretalet sitt språk kan mindretalet fritt bruka sitt språk på kva plass og til kvar tid. Altså utan sidemålsordninga vil fleire nynorskbrukarar verta tvinga til å bruke bokmål, og oppretthalde den nynorske tekstproduksjon i stat, kommune og andre stadar som driv nynorsktekstproduksjon, vil bli vanskeleg. Altså mindre nynorskbrukar, og mindre nynorsk. Om ein ser på dei områda der nynorsken held seg sterk så er kjenneteiknet at her blir nynorsken mykje brukt. Både kommunalt, som ein såg i Stord, i skuleverk, i media og i lagskriv. Men der den er svak er den lite brukt. Sidemålsordning gjer det muleg og halda oppe desse sterke nynorsk områda.

Marit Aakre Tennø: I dei sterkaste nynorskområda, byter tilflyttarane til nynorsk frå bokmål. Utan obligatorisk sidemålsundervisning, så vil presset på nynorsken og auke i desse sterke nynorskområda. Ute i nynorsk kommunane er den obligatoriske sidemålsundervisninga heilt naudsynt for å halde oppe den nynorske tekstproduksjonen, som er ein av dei viktige faktorane for å halde språket vårt levande. Det er ikkje slik at det er den kommunale tekstproduksjonen som skal halde språket levande, men som eg akkurat har nemnt så er det ein sterk samanheng mellom bruk og status på nynorsken. For at kommunane skal kunne halde fram å skrive nynorsk, så må dei tilsette meiste nynorsk, det snakka akkurat ordføraren på Stord litt om. Me har den siste tida sett at det i enkelte kommunar har vore press frå enkelte tilsette for å endre administrasjonsspråket på grunn av påstått

manglande nynorskundervisning. Me veit at svært mange nynorskbrukarar i dag er viktige bidragsytarar til den bokmålske tekstproduksjonen, men det kan virke som om mange meiner at det omvendte, det er å be om for mykje. Nynorskkommunane er viktige, ikkje berre som tekstprodusentar, men også produsentar av nye nynorskbrukarar. Utan obligatorisk sidemålsundervisning, vil i hovudsak berre dei som veks opp med nynorsk som opplæringsmål meiste nynorsk. Kven skal då lære opp nye generasjonar av nynorskbrukarar? Skal berre dei som veks opp i eit nynorskområde ha kompetanse til å undervise i nynorsk? Lærarutdanninga driv ikkje i dag eiga opplæring i sidemål. I denne samanhengen er det ikkje berre sjølve opplæringa som er viktig, men og at kommunane som skal tilsette folk veit at dei meistrar nynorsk. Det er ein av grunnane til at eigen karakter i sidemål er viktig for å kunne trygge god nynorskopplæring for oppveksande generasjonar. Mållaget ser at det ikkje alltid er slik i dag. Me har og mållova, den andre bjelken som jamstillinga er avhengig av. Mållova kviler på eit oppsiktsvekkande liberalt prinsipp. I Noreg er det ikkje staten eller den statlige tilsette, men innbyggjaren, lokalsamfunna eller kommunane som avgjer staten sitt språk. Utan mållova, vil nesten all statleg tekstproduksjon vere på bokmål. Mest ingen statlege arbeidsplassar ligg i nynorskområde, og me ser at få nynorskbrukarar klarer å halde oppe språket sitt i solide språkmindretal i statsapparatet i hovudstaden. Her må det vere lov å spørje Høgre som sit her, kva dei eigentleg meiner med sitt programvedtak om å endre mållova. Meiner dykk at verken kommunar eller andre etatar ute i nynorskområda skal kunne vente på at staten vender seg til dei på nynorsk? Er det rett og slett opp til det personlege valet den statstilsette? Igjen så er det slik at ein ser at der nynorsken vert mykje brukt, der held den seg sterkt. Der nynorsken vert mindre brukt, der er den under press. Mållova sikrar derfor at nynorsk er synlig i skrift frå det offentlege, og at det er eit aktivt bruksspråk. Statlig tekstproduksjon er viktig for å utvikle eit levande fagspråk og fagterminologi på norsk. Mållova sikrar at det ikkje berre skjer på bokmål, men også på nynorsk. Utan desse to berebjelkane så vil jamstillinga vakle. Dei språklege rettane til nynorskbrukarane vil bli vanskeleg å oppretthalde, og det vil bli mindre nynorsk på alle område. Språk i skrift er også eit viktig språkleg førebilete. Det er eit førebilete som nynorskbrukarane treng meir av. Ikkje mindre fordi dei er omgitt av bokmål og det er lett å ty til bokmålsord og vendingar. Behovet for å kunne lese språket sitt og bruke det i offentlegheita er ikkje spesielt for Noreg eller for nynorsk, ein skal ikkje langt unna Noreg sine grenser før me ser akkurat det same. Skottane har akkurat fått ein eigen radiokanal på skotsk, kataloniarane krev at alle i Katalonia skal mestre katalansk slik at det kan nyttast i alle delar av samfunnet. Skottane innfører no to ekstra språk i skulen, og bretonarane i Britani kjempar for ein tospråkleg skule, med fransk og deira eige språk. I Irland kjemper dei mange stader for skilting både på irsk og engelsk. Bruk er heilt avgjerande for status. Det veit alle som kjempar for mindre brukte språk. Staten har eit ansvar for dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål. Som eit sjølvstendig skriftspråk, så har nynorsk ein rett på vern på lik linje med andre nasjonale eller regionale skriftspråk. Jamstillinga er avgjerande for framtida til nynorsken, derfor uroar det meg at sidemålsordninga og mållova i dette valet her er trua. Takk for meg.

Vigleik Brekke: Takk til deg. No er det slik at før hausten er tanken at dei som sit i panelet her, skal få ei innleiing på inntil 6 minutt, men det er ikkje alle som er svært opptatt av å bruke alle desse 6 minutta. Før pausen så vil me likevel gje dei ein moglegheit til å ha ei lita innleiing på vegne av seg sjølv. Eg kan presentera dei fyrst. Magne Rommetveit er 3. Kandidat for Arbeidarpartiet her i Hordaland, så har me Gjermund Hagesæter som står på 1.plass på FRP si liste her i fylke, Ove Trellevik står på 6.plass på Høgre si liste, Emil Andre Erstad er 5.kandidat for KRF, Kjersti Torpe

som er 1.kandidaten for Senterpartiet, Einar Horvei som står på 3. plass på SV si liste, og til slutt 1.kandidaten for Venstre Terje Breivik. Då skal desse få ei innleiing på som sagt inntil 6 minutt.

Magne Rommetveit har ordet: Takk for invitasjonen til å vere med å drøfte eit veldig viktig politisk område, og takk for veldig gode innleiingar så langt. Rett før ferien la regjeringa fram justerte læreplanmål for fag. Norskplanen omfatta tydeligare mål for språkopplæringa, med tydelege kompetansemål både i lesing, skrivning og i munnleg. Alle elevar skal tideleg verte introdusert for tekstar både på nynorsk og bokmål. Føremålet med sidemålsopplæringa er gjort tydeligare i læreplanmålet. Me skal lytte til og lese på begge målformene gjennom heile barnetrinnet, og elevane skal få prøve med skrivning på sidemålet sitt heilt ifrå 5. trinn. Den raudgrøne regjeringa legg også opp til å halde på vurdering med eigen standpunkt karakter og eksamen i sidemål. Det vil ved avsluttande ungdomskulegang og avsluttande vidaregåandegang, ved studiespesialiserande, bli gjeve 3 standpunkt karakterar i norsk; Munnleg, hovudmål og sidemål. Litt om grunnane til at Arbeiderpartiet vil halde på opplæring i sidemål. Danning dreier seg mellom anna om å forstå og ha innsikt i både seg sjølv, og det samfunnet ein lever i. Kunnskap om og respekt for egen og andre sin kultur er ei side ved danninga. Danninga er meir enn utdanning, utdanning går ut på å skaffe kunnskapar og ferdigheiter til å kunne skrive god rett norsk. Danning dreier seg mellom anna om refleksjon og innsikt i kultur og historie, haldningar som respekt og toleranse ovanfor andre menneske og kulturar, å ha eit medvit til forskjellige verdiar, og evna til å sjå seg sjølv som ein del av ein større samheng. Skulen er både ein utdanningsinstitusjon og ein danning sinstitusjon. Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål er eit uttrykk for respekt for kulturar over heile landet vårt. Den folkelege kulturen, med røter i bonde-, fiske-, og arbeidarmiljø og den borgarlege bykulturen, med røter i dansk-, og europeisk tradisjon. Sidemålsopplæringa og statusen til sidemålet er ein viktig føresetnad for å halde oppe både kunnskapen og innsikta i historia vår, og respekten for kulturane i det norske samfunn. Kampen for folkemålet har alltid vore ein sosialkamp. Bøndene og arbeidarane sitt språk var lenge nedvurdert og diskriminert. Han som var arkitekten bak arbeidarpartiet sin målpolitikk i mellomkrigstida, og som seinare har prega partiet sin politikk på dette feltet, skreiv i 1921 at «All samfunnsstrid er klassestrid, og målsprøsmålet er med i klassestriden». Arbeidarpartiet ser på kampen mot sidemålsopplæringa som ein nedlatande og diskriminerande haldning mot folkekulturen. Dette er ei udanna og udemokratisk haldning, som eg vil kjempe imot. Då Arbeiderpartiet sin stortingsgruppe hadde denne saka oppe til drøfting, så var det ikkje berre nynorskbrukarane som støtta dette synet. Det var grunnhaldninga i partiet vårt som kom fram for vel alle var einige og støtta opp om det som no er vår politikk på dette område. Gjennom nynorsk og radikal bokmål har folkemålet fått sin plass i norsk skriftmål. Nynorsk har endra det danske skriftmålet, derfor er det viktig at elevane både har kunnskap om norsk språkhistorie og kan bruke begge skriftmåla. Bokmål vert betre når elevane kan dra nytte av kunnskapane sine på det nynorske språket, og samstundes kan nynorsk utvikla seg og ta til seg ulike element som den unike språkkulturen som bokmål representerer. God sidemålsopplæring styrker språkopplæring generelt. Det er ikkje slik at arbeidet med sidemål svekker arbeidet med bokmål, det er omvendt. God sidemålsopplæring styrke hovudmålet, og elevane sin innsikt i norsk og språkbruk. Elevane vert heller ikkje dårlegare i norsk, fordi dei lærer engelsk. Mykje forskning viser at dei som er fleispråklege, også lettare lærer seg andre språk. Sjølv har eg også stor tru på at ved å kunne eit skriftspråk som liknar mykje på hovudmålet, men som har litt anna setningsbygging og uttrykkstilfang, gjer deg betre i å meistre hovudmålet ditt. Det gjer hovudmålet ditt meir spenst og variasjon, du kan skrive meir fargerikt, og du kan verte endå betre til å i skrift uttrykke kjensler. Opplæringa i sidemål må styrkast og forbetrast, og ikkje svekkast ved å til dømes



fjerne sidemålsstilen eller fjerne karakteren i sidemål. Takk skal du ha.

Gjermund Hagesæter har ordet: Takk for invitasjonen her i dag. Eg representerer Hordaland og FRP på stortinget, og har vore stortingsrepresentant i 12 år. Eg har nynorsk som hovudmål og bokmål som sidemål, og det er det ikkje alle som har i dette landet. Dei fleste har det heller motsett. FRP er eit parti som er opptekne av personleg fridom, og imot unødvendig tvang. No er det altså slik at tvang fungerer veldig dårlig i dag. Det kan godt hende at tilbodet om nynorsk litteratur kunne vore betre, men å tvinge nokon til å bruke anten bokmål eller nynorsk som sidemål, det kan ha den motsette effekten av det som me ønskjer. I dag ser eg at nynorsken går tilbake igjen, det vert færre som snakkar nynorsk. Eg meiner at nynorsk har kvalitetar som bokmålet ikkje har. Det er kanskje ikkje så rart sidan eg er nynorskmann sjølv, men eg meiner at det er eit tydeleg målføre og kan også fortelje ein historie om då eg og kona mi var på ferie i Ungarn. Der trefte me på nokon som var frå Finland, og snakka svensk. Då spør den finske dama som då snakka svensk, du er nynorskmann du er du ikkje? Då svara eg ja, det var godt observert. Det er så mykje lettare å forstå dykk som snakkar nynorsk enn dei som snakkar bokmål, svarer dama. Til tross for at dette er eit tydeleg målføre, så går altså nynorsken tilbake. Då må me stille oss spørsmålet, kvifor er det slik? Er den politikken som har vore før den rette? Det trur eg ikkje den er på grunn av at tvang fungerer ikkje like godt i dag som det kanskje gjorde i det 19. og førre år-hundre. Tvunge sidemålsopplæring, noko som gjer at mange blir tvunge til å bruke nynorsk, fører til ein bjørneteneste for nynorsken, meiner eg. Det må vere fridom for den enkelte. Av og til vert eg trist og lei, når eg ser visse utspel som kjem ifrå målrørsla. Det eine var at ein skulle bruke mange millionar på omdøype Bergen lufthavn til Bergen lufthamn. Eg har ikkje i løpet av mine 12 år på stortinget opplevd ein einaste veljar som har vore oppteken av det, å altså skifte namnet på noko slikt. Dette kom det utspel om, og med det latterliggjør ein nynorsken dersom dette er ein viktig kampsak for målrørsla. Det andre utspelet eg reagerte på og som eg syns er veldig trist på vegne av nynorsken, er rett og slett at ein hadde eit nærmast angrep på politiet om at dei måtte «twitre» på nynorsk. No meiner eg at politiet skal konsentrere seg om å bekjempe kriminalitet, og ikkje «twitre», men viss dei får tid etter dei har bekjempa kriminalitet til å gjere dette, då meiner eg at dei må få lov til å bruke akkurat den målforma dei sjølv har lyst til. Me kan ikkje forvente at folk skal gå rundt med nynorskordbok under armen når dei skal «twitre» om diverse saker. Mållova meiner eg at nynorsken hadde tent på dersom den vart borte. Desse utspela som kjem ifrå målrørsla, gjev nynorsken eit taparstempel, noko som er veldig trist. Eg meiner at det må vera «in» å bruka nynorsk, det må bli kult å bruke nynorsk. Eg bruker nynorsk fordi eg har lyst å bruke nynorsk, ikkje fordi me har mållova og noko som tvinger meg til å gjera det. Det meiner eg må vera ånda i dette, det må vera kult og «in», og det må vera på frivillig basis utan tvang frå myndighetene. Takk skal du ha.

Ove Trellevik har ordet: Eg er 5.kandidat for Hordaland Høgre og ordførar i Sund kommune til dagleg. Det er slik at Høgre har gjort eit vedtak om å fjerne det obligatoriske sidemålet i skulen. Dette skjer etter at Unge Høgre kjem med dette forslaget på landsmøtet i partiet, møtt med eit stort og klart fleirtal. Partiet har tidlegare hatt vedtak på at sidemålet skal vera valfritt i den vidaregåande skulen. Hovudargumentet ifrå unge Høgre er at ein skal bruke verdifull tid i klasserommet på andre fag enn på sidemålsfaget. Det er viktig for Høgre at alle skal kunne lese og forstå sidemålet sitt, men det er ikkje viktig for Høgre at alle saman skal kunne bruke det. Det er klart at eit sånt vedtak som dette vil heilt klart få konsekvensar for statsforvaltninga, noko målrørsla har spurt om det vil gjere. Det er klart at når utdanninga og opplæringa ikkje er der, skal tilsette i staten få kunne bruke og svare på det skriftspråket dei sjølv vil. Det er ein del av konsekvensen av vedtaket til Høgre, bruken av

nynorsken vert mindre. I skulen bør fokuset kanskje vera på andre delar av opplæringa enn på dette med to språk i skulen. Det er slik at me ikkje er noko særdeles stort land, og me opplever rundt om i kommunane spesielt her i Bergen, at det vert problem med rekruttering og klassedeling som lagar ganske mykje kostnadar for enkelte kommunar. Eg må få lov å seie at eg sleit med nynorsken då eg byrja på skulen, og seinare i heile mitt liv, med at me har to skriftspråk i Noreg. Eg er kanskje endå meir radikal enn Høgre, og ønskjer meg eit skriftspråk, noko som kanskje vert konsekvensen av Høgre sitt vedtak. Eg står for Høgre sitt vedtak om at me skal ha eit valfritt sidemål, men det er svært mange i Høgre som ikkje er einige i dette. Ordføraren på Stord vil nok heilt sikkert forhandle dette vekk så fort som mogleg. Korleis detta ender veit me sjølvsgatt ikkje, men Høgre ønskjer at sidemålet skal verte valfritt. Takk.

Emil Andre Erstad har ordet: Tusen takk for at eg fekk lov til å koma på denne debatten her, eg er nestleiar i KRF ungdom, 5.kandidat, og har ei sterk tru på å kome inn på stortinget. Eg har aldri snakka nynorsk og kjem aldri til å gjere det, eg snakkar stryn. Det første eg vil ha sagt er at å fjerne sidemålsundervisninga på skulen er det same som å fjerne kunnskap på skulen. Me ville aldri godteke å fjerne matematikk, naturfag eller historie på skulen fordi det er viktig kunnskap. Derfor er det heilt meiningslaust når fleire, mellom anna eit parti som kallar seg for eit kunnskapsparti, føreslår å fjerne viktig kunnskap frå skulen. Norske elevar treng sjølvsgatt kunnskap i sidemål som i hovudmål, i den tid vi har to likestilte skriftspråk her i landet. Då er det heilt feil å ta frå norske elevar den moglegheita dei har i dag når dei lærer seg sidemål, til å søke på alle dei stillingane i staten i dag som krev at du kan både beherske nynorsk og bokmål. Så vidt eg veit så er eg den einaste i panelet her som er ungdomspolitikar, og dei neste vekene skal eg sitte i skuledebatt etter skuledebatt og høyre på at unge Høgre snakkar drit om skriftspråket mitt. Problemet med unge Høgre og og vaksenpartiet for den del, er at deira fremste argument er feil. Dei seier at sidemål skapar dårlege karakterar i andre fag, at det skaper mindre fokus på hovudmål, og at dei som slit med sidemål gjer det dårlegare i hovudmål. Men då vil eg støtte meg til forskinga og kunnskapen som seier at dei som beherskar både bokmål og nynorsk, får mange av dei same fordelane som fleirspråklege får når dei lærer seg språk. Det er denne kunnskapen me må byggje politikken vår på, og derfor meiner me at det er heilt kunnskapslaust å fjerne sidemålsundervisninga. Det å ha to skriftspråk er grunnleggjande positivt for læringa til elevane. Til dei som slit med å lære seg nynorsk og brukar mykje tid på det i både Høgre og Unge Høgre, så vil eg sitere Ivar Aasen: «Strengte dagar må koma, men etterpå kjem dei milde.» Takk for meg.

Kjersti Torpe har ordet: Takk for invitasjonen. Eg sit på stortinget no, og i vår så hadde me vel mykje om denne saka på stortinget i regjeringspartia. Som dykk veit så blanda me den nye læreplanen, me var ganske engasjerte, sidan utdanningsdirektoratet hadde kome med eit anna forslag, som det var veldig mange av oss som var usamd i. Lansert på det forslaget me gjorde reie for, vart ikkje kompetansemåla ulike, men jamstilte. Ein vidareførte eksamensordninga som er i dag, både på ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Dei skal ha egen standpunkt karakter i sidemål på begge stader. Det som er nytt og veldig bra er at me skal starte lese-, og skriveopplæring heilt ifrå barnetrinnet. Det er ganske ulogisk at ungane vert introdusert for engelsk i 2.klasse, medan dei først møter sidemålet sitt når dei kjem på ungdomsskulen. Det som ikkje var i vårt program som vert på mange måtar kompromisset for dette, er forsøk med felles karakterar, alle vidaregåande skular kan søkje om det, samt forsøk på 50 ungdomsskular. Dette er eit forsøk som skal vare i 3 år og så evaluerast. Dette var ikkje vår ide, men det var eit kompromiss. Det som eg er glad for er at no har

regjeringspartia avklart sin språkpolitikk, og det vart ein styrking av sidemålsaka, noko vi i Senterpartiet vart kjempefornøgd med. Sidemål har fått mykje merksemd i det siste, men ein er ikkje i hamn sjølv om ein har fått dette læreplanmålet. Det går på korleis språket vert brukt, i statlege organ, kommunar og på Stortinget. Eg syns at føretaka skal bruka nynorsk dersom dei ligg i ein nynorsk kommune, det har med respekt og gjere. Det går og på det som vert kalla for språkskifte, noko som kanskje er den største utfordringa, når ein må skifte over til bokmål når ein byrjar på ungdomskulen, vidaregåande eller høgskule og universitet. Eg trur universiteta og har ein jobb å gjere i forhold til å oppfordre studentar til å halde på målet sitt. Heilt til slutt må eg påpeike FRP politikaren som var så opptatt av og imot tvang, gjeld ikkje dette FRP sitt syn på kommunesamanslåinga? Og då kan me vel heller ikkje tvinge elevane til å ha gym og historie. Det er slik at me finn ikkje ein skuledebatt som til dømes omhandlar at elevane er for dårlege i realfag, der forslaget er å kutte ned på kompetansemålet. Me fokuserer heller på å styrke faget og betre lærerane. Det er spesielt med denne saka, og har med haldningar å gjere. Tusen takk.

Einar Horvei har ordet: Ja, med min 3. plass på SV si kandidatliste så er eg ikkje heilt sikker på om eg får ein plass på stortinget. Eg kom hit frå Voss i dag, eg har ein vanleg jobb som lærar og rådgjevar på Voss ungdomsskule, der eg underviser i blant anna norsk. Eg møtte elvane i 8.klasse for fyrste gong i dag. Dette spørsmålet er veldig relevant. Denne debatten om nynorsken si side ved skulen, blussa opp då direktoratet ville fjerne karakteren i sidemål. I denne debatten ligg det ein slags skjult agenda, ein ønskjer eigentleg eit språk, og det er nok veldig mange ønskjer at det er nynorsken som skal vekk. Det er ein heilt ærleg sak, men då må ein kjempe den saken openlyst, og ikkje noko anna. SV har drøfta gjennom dette, og me ser på språket som ein sentral del av identiteten og historia til mennesket, og vil støtte sidemålstillinga. Blant anna med å gjere det meir relevant, og gje sånne folk som meg betre kompetanse til å gi ei god undervisning på dette område. Me vil som Senterpartiet, starte denne sidemålsundervisninga tidlegare i skulen, heilt ned på barnetrinnet. Det å utsetje møtet med sidemålet til ungdomskulen meiner me er tull. SV har vore med å kjempa for at det skal kome krav om parallelle ordningar når det gjeld skulebøker på nynorsk og bokmål, og også når det gjeld digitale verkemiddel, noko som vert stadig meir aktuelt. Det er ca. ein halv million arbeidsplassar som krev at du beherskar begge skriftspråka. Dagens ungdom veit ikkje alltid kva yrke dei skal ha, og heller ikkje kor dei skal bu, det veit eg veldig godt for det er noko av det eg jobbar med, å snakke med elevane om akkurat dette. Mange av påstandande om nynorsken sin forbanning, er feilaktige. Eg har lest den same forskingsrapporten som KRF, og ein gjer det ikkje dårlegare med å ha 2 utgåver av morsmålet ditt. Det er heller ikkje riktig at det er så vanskeleg, karaktarsnittet er atskillig dårlegare i andre framandspråk og matematikk, enn det er i sidemål. Det er klart at mange vil kunne klare seg godt seinare i livet utan å beherske sitt sidemål, og dei vil heller gjerne ikkje bruke det i praksis så ofte. Men dersom me skal ta hensyn til dette over heile linja, ville ein fått ein simplare skulegong. Eg kjenner mange elevar som aldri vil gjera seg nytte av andregradslikningar, eller har noko forhold til reformasjonen i Noreg eller den periodiske tabellen. Det er ikkje snakk om at då må me få dette vekk. Det som er vanskeleg, og som er sjølvne medisinen, det er at ein skal gjere undervisninga betre, og ikkje fjerne den. Den medisinen har eg trua på. Eg er ikkje så redd for tvang som Hagesæter. Eg underviser og i kroppsøving, og eg trur eg må bruke lett tvang når me skal ut å jogge. Dette må nok til i andre fag og, blant anna i sidemålsundervisninga. Takk.

Terje Breivik har ordet: Eg har lyst å seie tusen takk til mållaget i Odda og Ullensvang og Voss for å setje ei umåteleg viktig sak på dagsordenen i denne valkampen, all ære til dykk for det. I Venstre vart

me oppriktig glade når Kristin Halvorsen tidlegare i sommar snudde og sikra ein læreplan som styrka plassen til sidemålet i Noreg. Sv skal sjølv sagt ha sin del av æra, eg ser enkeltpersonar som gjorde ein formidabel jobb med denne saka. Eg har og lyst til å skryte av Kjersti og Senterpartiet som også la eit visst press på denne saka, og ikkje minst dykk som jobbar i målrørsla. Som de høyrer så har eg eigentleg vore ein aktiv målmann, men ein utrulig aktiv språkbrukar, og prøver å gjere min jobb med å vera aktiv på dette område. Og som de sikkert kjenner vel så godt til som meg, heilt sidan jamstillingsvedtaket i 1885 har Venstre stått på nynorsken si sida. Me har tålt angrep både i frå venstre og i frå høgre side, tidvis også spede forsøk internt, men har støtta det urokkeleg og kjempa for språkmangfaldet og fridom. Ein liten digresjon, sidan eg er i frå Ulvik og gjekk av som generalsekretær i fjor då eg vart nestleiar: Venstre har hatt ein generalsekretær frå Ulvik før, men det var under Knutsen og Venstre si stordomstid i 1910 til 1918, Magnus Hydle. Magnus har saman med det som har vore eit fyrverkeri av eit kvinnfolk, Anette Garatun, starta Noregs fyrste nynorskforlag i 1890, trur eg. Heilt imponerande! Meg og ein gjeng skal styrka posisjonen til nynorsken, både i norskfaget og sjølv sagt i samfunnet. For Venstre er staten til for borgarane, og ikkje omvendt. Vel 600 000 menneske i dette landet skriv nynorsk. Nynorsk er sjølv sagt eit mindre språk enn bokmål, det må me vedkjenna som brukarar, men det er like fullt eit stort språk i verdssamanheng. For at me som skriv, er glad i og ikkje minst identifiserer oss i nynorsk, så er det heilt avgjerande at elevane i skulen får god opplæring, og vert vurderte i både nynorsk og bokmål. Kvart språkleg mangfald er ein verdi i seg sjølv for enkeltmenneske, for samfunnet – ei rikdom både kulturelt mangfalds og kunnskapsmessig. Det er lita tvil om at opplæringa, i både nynorsk og bokmål, aukar den totale språkkompetansen og den generelle skulefagutviklinga. Sånn sett, for å bli litt stygg innleiingsvis, er det for meg eit utruleg uforståeleg paradoks at parti som set personleg fridom og kunnskap i skulen høgt, vel og sjå suverent vekk i frå dette. Me vil, for å vera heilt konkret, gje elevane opplæring sjølv sagt i både nynorsk og bokmål. Me trur òg at skal me få gjort noko med det som er ei felles utfordring for oss som kjemper den kampen at opplæringa i sidemål må starta i eit mykje tidlegare klasseskrinn enn kva det er i dag. Me trur òg at det er heilt sjølv sagt at sidemålet må styrkast i lærarutdanninga. Fagleg tryggleik er ei grunnleggjande overtiding om at to skriftspråk er ei rikdom og det er heilt avgjerande for å kunne snu denne type haldningar som veldig ofte er basert på kjensler og myter enn kunnskap. Det er viktig at me som er på ein måte er framme i den offentlege debatten er gode rollemodellar og snakkar nynorsken opp og fram og ikkje fell for billig populisme og ikkje er redde for å mista oppslutninga blant veljerane. Også har eg lyst til å avslutta med Frp og denne myta om at me vert tvungne til opplæring i nynorsk og bokmål. Nei, me får tvert i mot gratis opplæring i eit språk som gjer oss fridom til å kunna kommunisera på to skriftspråk.

Vigleik Brekke: Tusen takk for fine innlegg. Eg har lyst til å ta eit lite eksempel på den mållova sidan den vart nemnd. Eg jobba litt med språk i Fjell kommune og eg ville sjekka litt så eg tok ein periode på to-tre månader og såg gjennom alle skriv i Fjell kommune frå statsorgan, både sentralt og regionalt. Det som den kartlegginga viste var det at ca. 20 % av dei skriva som kom til Fjell kommune var på nynorsk og 80 % var på bokmål, sjølv om mållova seier klart at alle skal vera på nynorsk.

Då skal eg ta nokre spørsmål til deltakarane her, også blir det kanskje nokre replikkar. Då tar me ein runde her oppe med desse kandidatane. Magne Rommetveit, du var jo ganske tydeleg når du hadde ditt innlegg om at du ville forsvara sidemålsfaget, men når ein les partiprogrammet til Arbeiderpartiet så står det eigentleg ikkje så mykje om språk. Kva er det som gjer at dykk har spandert så lite plass, og vore så lite tydeleg i dette spørsmålet om sidemål?

Magne Rommetveit: Me har eit nokså knapt program, me har få punkt og få ord. Me har nemleg ein del om samfunnsutvikling og slikt. Eg er veldig glad for at du sa eg var så tydeleg i det eg sa, for det eg sa er Arbeiderpartiet sin politikk.

Vikleik Brekke: Kvifor hadde dykk det ikkje med i programmet?

Magne Rommetveit: Nei, men det er dette som er vår politikk og då er vel det godt nok det. Er det om å gjera kva me er mest for? Enten så er ein for eller så er ein ikkje for. Eg har gjort greia for kva som er vår politikk når det gjeld sidemål og eg viste til historikken frå 1921 og me har lagt grunnsteinane for kva som skulle vera Arbeiderpartiet sin politikk for dette og den vil me føra fram i dag.

Vikleik Brekke: Så du garanterer på vegne av det raudgrøne at ein rører ikkje sidemålet, og gir undervisning i begge fag pluss eksamen?

Magne Rommetveit: Eg garanterer det på vegne av Arbeiderpartiet. Og den raudgrøne regjeringa har arbeidd seg saman om det som no er lagt fram. Dei andre partia i den regjeringa må jo gje garantiar for seg, men sånn som eg har oppfatta det så står me stødig saman. Me er eit regjeringsalternativ som vil dette, og då gjer me det.

Vigleik Brekke: Takk skal du ha. Eg går ein runde bortover sånn, så dersom det er nokon som har nokre skarpe kommentarar så skal dekan få lov til å rekkja opp neven. Men Jan Hageseter du seier, eller i alle fall siterte, at du tykkjer at me ikkje skal ha så mykje fokus på dette med nynorsk. Men no er me no her. Kva er det som gjer at du vil nedprioritera dette temaet?

Gjermund Hagesæter: Nei, det er nettopp det som me var inne på, at eg føler det at ein har hatt veldig mykje fokus med dette med nynorsk. Og det handlar liksom om at nynorsken greier seg ikkje på eigenhand og derfor så me ein støtta opp nynorsken og det har ført til at me har færre og færre som bruker nynorsk. Det eg meiner er det at nynorsk er eit veldig slagkraftig målføre som er godt å bruka i debattar og vidare, og dersom ein då hadde jamstilt dette med bokmål utan å seia at noko var sterkare så trur eg me hadde fått ein betre utvikling i nynorsken og ikkje den utviklinga vi ser no, at det blir færre og færre som bruker nynorsk. Det er dersom eg meiner at me skal ikkje ha sånn fokus på dette her på grunn av at då han man fokus på at ein skal støtta opp akkurat som om det er ein mindreverdige målform. Det er det ikkje. Det nektar eg å vera med på at det er. Det er ein slagkraftig og god målform som greier seg godt på eigenhand utan støtte i frå forskjellige sider.

Vigleik Brekke: Så det betyr at dersom du og din kollega frå partiet Høgre får eit blåblått fleirtal og ikkje treng hjelp i frå sentrum, så blir dette faget valfritt og då er det garantert at i løpet av desse fire åra så er det slutt på denne obligatoriske jamstillinga? Blir det slik?

Gjermund Hagesæter: Ja, eg reknar med at de aller, aller fleste kjem til å velja det likevel om det er valfritt. Dette er på grunn av at då står ein mykje betre rusta, og då kan ein altså ta seg ein jobb i ein nynorsk kommune eller ein bokmål kommune sidan ein då beherskar begge målformene. Men dersom dette blir valfritt så vil eg tru at dei aller fleste vil velja det og då vil det vera frivillig og då bør ein gå inn for sidemålet med ein heilt anna glød enn når ein liksom vert tvungen til å ha det. Det er det som er mitt poeng, fordi tvang fungerer ikkje i 2013. Det fungerte kanskje i det førre århundre, men det gjer det ikkje den dag i dag. Det er førebyggjande hos folk når ein tvinger dei til å gjera noko,

og det gjeld ikkje berre sidemål, det gjeld på mange andre område og.

Vigleik Brekke: Ove Trellevik, du snakkar jo om å samla norsken under eitt norsk språk. Men no er det jo slik at dersom ein tenkjer seg at det vert mindretal, altså at Høgre og Frp ikkje får reint fleirtal og må ha hjelp i frå sentrum. Er det viktig for deg at du er villig til å ofra mykje eller korleis ser du på det når du skal forhandla?

Ove Trellevik: Nei, eg er veldig fortruleg med slik som me har det i dag. Men Høgre har gjort eit vedtak om at ein ikkje skal ha eksamen i sidemål. Det kan eg støtta godt opp under, det kan eg vera med på, men det er ikkje viktig for meg. Det er godt med den ordninga som me har i dag, og for Høgre sin del så er det nok mange som kan forhandla dette vekk i ein regjeringsforhandling. Det skulle ikkje ha forbausa meg. Liv Kari Eskeland er veldig tilhengar av dette språket, nynorsken, og dei er fleire som er meir tilhengjarar av det enn kva me er. Men dette er ikkje ein veldig viktig sak for meg.

Vigleik Brekke: Men Emil Erstad, for deg er denne saka viktig. Kor viktig er det for KrF og i det heile tatt få vera med i regjering dersom dei to blå som må ha hjelp i frå deg, står fast ved at dei vil fjerna denne jamstillinga?

Emil Erstad: Nei, dette er jo ein av dei verkeleg viktige sakene for KrF saman med ein heil haug med andre ting som me er ueinige med desse to partia som sit her i. Det er inga tvil om at det er forskjell på, altså dei må nesten stå på Stortingslistetabellen for å tru at det kjem til å bli et, altså for å tvila på at det kjem til å bli et skifte til hausten. Og då er spørsmålet kva skifte du får, om du får desse to her åleine eller om du får eit skifte med tydeleg vekt i sentrum. Et skifte med tydeleg vekt i sentrum, altså du høyrde kva eg og Venstre sa, det vil vera bra for nynorsken, bra for landbruket og bra for ein haug med andre ting.

Vigleik Brekke: Men vil du då be for eksempel KrF sine partnerar eller forhandlarar om å stå utanfor regjeringa dersom ein ikkje får gjennom dette?

Emil Erstad: Det vil absolutt vera ein av dei tinga me vil setje opp som viktige krav til regjeringa, me tek ei heilheitsvurdering sjølv sagt, men me vil ikkje kasta nynorsken på sjøen for svarte limousinar.

Vigleik Brekke: Men kvifor har ikkje KrF vore så tydelege på dette i programmet sitt? Eg har gått igjennom programmet og det er kun SV, SP og Rødt som heilt tydeleg seier dei skal gå klart inn for å halda på sidemålet og ha eigen eksamen i faget. Kvifor er ikkje KrF heilt tydelege?

Emil Erstad: Ja, me seier at me skal sikre at sidemålsundervisninga held fram og me vil styrka populariteten til sidemålet og me vil fornya arbeidet. Me vil starta tidlegare med sidemål på barneskulen, ved å ha meir sidemål og auke andelen av sidemålet i lærebøkene, blant anna norsk boka. Og det er eit ganske tydeleg signal om at me ikkje kjem til å fyra på krav om at sidemålsundervisninga skal vekk. Eg er heilt einig i det Arne Hjeltnes og fleire andre Høgre-folk har sagt, det er historieløst, kunnskapsløst og feil å fjerna sidemålsundervisninga. Det er den oppfatninga eg har om at heile KrF står inne for.

Vigleik Brekke: Kjersti Toppe, Senterpartiet skriv mykje om dette i sitt partiprogram. Men så står det ein setning: «Sidemålsundervisninga må styrkast, alle elevar må få eigne karakterar i same sidemål.» Så står det: «yrkesfaga skal framleis vera unnatekne». Kva er det som gjer at ein ikkje tar med dei?

Kjersti Toppe: Nei, det er jo slik som det er i dag, og at ein ikkje vil innføra det igjen på yrkesfag.

Vigleik Brekke: Kvifor ikkje?

Kjersti Toppe: Nei, det er jo litt andre krav der i forhold til yrkesfaglig teori enn kva det er på allmenn. Men det er jo det som står i programmet, og ein anna ting er det med trekkfag i 3.vgs. som og tidlegare vart fjerna. Det har vi heller ikkje gått tilbake på. Me kan få eit endå betre program, men som du seier så er me ein av tre som faktisk har det så tydeleg i programmet, både med standpunkt og det med karakterar. Og det er jo derfor me har vore så tydelege før denne læreplanen kom, og vi visste kva vi skulle få inn. Så må eg berre få ein kommentar til KrF då. Spørsmålet er jo om både landbruket og alkohol og bistand er viktigare? Dykk kjem til å få ein stor jobb. Men altså poenget mitt er då at det er jo heilt klart at dei raudgrøne har avtalt dette før valet om å få til språkpolitikken, så er ein sikra kva ein får og då kan ein diskutera mykje anna. Men i språkpolitikken så er ein sikra kva ein får. Også har eg lyst å seia ein ting, du er gamal presseemann, pressestøtta som Høgre har fått til vil me kutta. Ein ting er når klassekampen er ein versjon av dagsavisa, men at det går utover lokalavisene og kven skriv nynorsk? Du kan nå ta her i Hordaland, du har alle lokalavisene og det er jo så flott og ein vert opptatt av at nynorsk, eller sidemål, ikkje berre skal lærast men og brukast og ein skal sjå det, ein skal høyra det og ein skal lesa det ute. Så er det jo tapet av lokalavisa, som vil skje viss pressen blir kutta. Det vil vera eit stort tap av sidemål ute i samfunnet.

Vigleik Brekke: Men elles seier du at det er avtalt politikk i den raudgrøne regjeringa, men Senterpartiet har jo sagt at dei vil grunnlovsfesta dette med jamstilling. Er det også avklart med dei to andre?

Kjersti Toppe: Nei.

Vigleik Brekke: Betyr det at det er sånn særstandpunkt i Senterpartiet?

Kjersti Toppe: Ja, det som er avklart er jo det som står i læreplanen eller det framlagde. Me er jo trass alt tre forskjellige parti så det er veldig mykje bra å velje mellom.

Vigleik Brekke: Takk skal du ha. Utdanningsdirektoratet kom jo med eit forslag til ein læreplan, så plukka dei i dette som går i jamstillinga. Kva er det som gjer at SV liksom begynte å fallera litt i det som dei har stått for før?

Einar Horvei: Du har jo tydeligvis sett i programmet vårt, så da ser du at me ikkje har fallert. Men dette kom jo ikkje frå departementet, men frå direktoratet.

Vigleik Brekke: Du blei på ein måte støtta, altså mange oppfatta det som at Halvorsen støtta det.

Einar Horvei: Det vart oppfatta slik at ho støtta den delen, i og med at ho sendte det ut på høyring. Men det er jo ein demokratisk prosess, og det er mykje rart som vert sendt ut på høyring og som vert stoppa, så det blir plassert i den kategorien.

Vigleik Brekke: Men no er det slik at Arbeiderpartiet har vore tydelegare her i dag enn kva dei er i sitt eige program. Betyr det at det forslaget som kom i frå utdanningsdirektoratet, og delvis i frå Kristin Halvorsen, var til hjelp for den raudgrøne regjeringa for å samla seg om læreplanen? Vart det tydeleg no?

Einar Horvei: Det er godt mogleg. Eg er ikkje noko med i den behandlinga då, men det er klart at debatt er ikkje farleg. Og det å få opp igjen litt vitalitet i språkdebatten, det trur eg er veldig sunt. Og eg er jo einig i at Arbeiderpartiet sin formulering kan verka litt rund, men fordelene med det er jo at då kan me tolka det slik som me vil. Dei raudgrøne står jo vesentleg meir samla i språksynet enn den andre sida.

Vigleik Brekke: Terje Breivik, Venstre må me jo sei har hatt ein tradisjonsrik start, eit målparti må ein nesten få lov å seia at det er, men samtidig kan eg heller ikkje seia at eg kan kategorisera Venstre inn i den same boksen som Sv, Sp og Rødt. Kva som gjer at Venstre har blitt så vagt?

Terje Breivik: Når eg les mitt eige program så er det ei klokkeklar sak, altså at norskmålrådet skal styrkast og heile pakka. Kvart parti eigentleg tusta på målsaka og målrøysta heilt tilbake til den vart skipa i 1984, så dette ei sak som me nesten ikkje hadde tronge å hatt i programmet som er så sjølvsgd og så opplagd og dette står me på uansett.

Vigleik Brekke: «Å kunna vurderer tiltak som kan forbetra – utan at det skal kunne føra til nedprioritering av arbeid med sidemål eller til at det blir fjerna sidemålsskarakterar.» Då språkrådet gjekk i gjennom dette, så var det kun i følgje språkrådet, Sp, Sv og Rødt som gjekk i gjennom målnemnda.

Emil: Det er jo ei tilbakemelding på at me gjerne i neste omgang må vera meir presise i omsyn til dei som les eit program. Men det er jo likevel lita tvil og særleg i målrøysta om kor ein har Venstre i målsaka.

Vigleik Brekke: Men det er jo ikkje alle parti her som er einige om at språksaka her er så viktig at det kan få ei, skal me seia kan vera eller ikkje vera for ei brei firepartiregjerung

Emil: Ja, det her synast eg var å setje eit veldig godt ord på det som er heilt opplagd og særleg for dette publikummet. Dette er jo ei sak som vanlegvis visar skilnaden på ei hurtigblå regjerung og ei blågrøn regjerung kor Venstre og KrF utgjer ein viktig del av regjerunga, altså i Venstre, KrF og Høgre regjerunga. Eg har jo lytta når Ove har snakka, og Ove er jo ein open, ærleg mann som eigentleg fortel om slik som han meiner det. Og dersom det vert blågrøn regjerung, og det vert ein av dei tre som eg er rimelig sikker på vert Høgre, som trass alt og heldigvis må ha ein tung opposisjon i mot dei populistane som vann fram på landsmøtet sitt som ikkje legg mange kaloriar i kosthold også binda ei slik sak i denne regjerungsforhandlinga. Så det er eg veldig trygg på.

Vigleik Brekke: Du trur det ordnar seg du altså?

Emil Erstad: Ja, det er eg ganske sikker på. Eg er ganske sikker på at det er langt lettare å sankta med Høgre etter at dei har gjort under valet og valresultata er gitt, enn i førekant. Eg har lyst å seia dessverre, fordi eg synest det er skuffande for eit parti som har sett den klare lista for kunnskaps- og fridomsideal osv. og vel då altså ein litt billig løysing i forhold til noko som er så viktig.

Vigleik Brekke: Du skal få ordet, Kjersti. Er det ein liten populist her, Ove?

Ove Trellevik: Nei, eg er ikkje det. Eg er dønn ærleg eg når eg seier at eg ynskja at skriftspråk ikkje var viktig for meg. Så eg er ikkje noko populist i den forstand, det er eg ikkje.



Vigleik Brekke: Kjersti, ordet er ditt.

Kjersti Toppe: Eg må berre kommentera at det er litt pussig å høyra at Venstre berre driv å kritiserer Høgre sin språkpolitikk og ufarleggjer det og seier at det her skal me verta einige om. Det er ein nedvurdering av språkpolitikken og det er ikkje noko anna område ein går slik og ufarleggjer andre sin politikk. Det fortener jo ikkje denne saken her. Det er og kritikk mot konsekvensane av Høgre sin politikk om at ein skal mumla seg til regjeringsmakt, og eg får litt av den same kjensla her. Det er ikkje så lett at ein skal berre tenkja at dette her blir me einige om, her har dykk ekstreme forslag og det der synast eg at ein sal får fram.

Vigleik Brekke: Før me slepp salen fram, så skal me fyrst høyra på Magne. Versegod!

Magne Rommetveit: Det verkar nesten som om Høgre berre har gjort sitt landsmøtevedtak bare på skøy, me må jo respektera partiet Høgre og tru på at dette meiner dei og det vil dei prøva å få til. Og når dei seier at dette kan me forhandla vekk, ja vell? Kven er det då det ser ut til ein må måtta forhandla med? Det er FrP det, dersom ein ser på ein del meiningsmålingar. Dersom Høgre skal forhandla vekk sitt syn i denne saka, i regjeringsforhandlinga med FrP, ja kva ender ein då opp med?

Vigleik Brekke: Du skal få svar på den replikken.

Ove Trellevik: Nei, altså det er klart det å følgja opp landsstyret sitt vedtak, det er jo viktig i Høgre og det er lika viktig for oss som det burde vore for Magne å følgja opp sitt program. Og det er ikkje slik at alle er like tydeleg i Arbeiderpartiet som Magne. Eg hadde eit innlegg i Bergens Tidene her for nokre dagar sida og eg hadde gjort meg flid og skreve på nynorsk og brukte sikkert tre gonger så lang tid på det enn kva eg kunne gjort hadde eg skrive på bokmål. Likevel får eg svar på det innlegget mitt på bokmål, så det er ikkje alle som er lika tydelege på dette som deg.

Emil Erstad: Me, med både Venstre og etter kvart Høgre så har jo valresultatet og veljarane noko å seia i dette landet, og dei vil jo kunna gje oss den kjøttvekta me treng i forhandling med Høgre om dette. Og det er jo slik at alle programvedtak gjord på Arbeiderpartiet sitt landsmøte blir jo ikkje fylgd opp og slik er det i alle program. Me har 160 sider i KrF sitt program, og eg kan garantera at alle vedtaka ikkje vert fylgd opp. Då gjeld det prioriteringar, og då når det gjeld desse prioriteringane så trur eg at denne saka er så viktig for KrF og Venstre, mens det ikkje er det for Høgre. Og då trur eg me vinn den etter kvart.

Vigleik Brekke: Til slutt i denne runden, Einar.

Einar Horvei: Eg brukte heile søndag på å setje meg inn i kva andre parti sa om målsaka og kom jo då over unge Høgre. Det er ikkje så ofte eg skryt av unge Høgre, men dei er iallfall tydelege. Eg fann ein festleg plakat der dei hadde brukt ei flott kyr med påskrifta «la den raute nynorsk!» Det er klar tale. Fleire Unge Høgre land har jo hatt ein aksjonsevne, det har eg sett utalle gonger. Eg trur ikkje den saka er så bagatellisert frå Høgre som det kan vera at det verka som dei stod fram.

Terje Breivik: Nei, det er jo slike ting som viser kor viktig det er for kommunane at me får gjort noko, me som snakkar nynorsk. Det er sterke motkrefter, og dette går i grunnen igjennom heile historia. Då trur eg at me ikkje kjem utanom som me sa innleiingsvis at me er nøyddest til å gjera nokre grunnleggjande ting, både i skuleverk og i lærarutdanninga, sånn at ein systematisk over tid gjer noko med haldningane og at fleire ser det me har sett; at dette eigentleg er ein skatt for dei norske

komande generasjonane som då gratis får læra to skriftspråk. Dette gjer at me har eit heilt anna språkforråd enn svært mange andre land.

Vigleik Brekke: Terje Kolbotn representerer Rødt, og sit her på benken framføre meg. Han er i frå Odda. Kan du fortelja litt om språksituasjonen i Odda?

Terje Kolbotn: Rødt står oppført på Stortinget som det tredje alternativet, i det raudgrøne alternativet og i det borgelege alternativet. Og me ynskjer å ikkje skifte den regjeringa som sit no. Det er mange grunnar til det, og ikkje berre fordi alle tre partia er på den raudgrøne sida og ynskjer å oppretthalde sidemålet. Men me ynskjer å utfordra dei frå venstre. Eg kjem frå Odda og der har me hatt ein kamp om å behalda språkdelinga. Odda innførte språkdelinga for 100 år sida, Odda kommune er 100 år og det er eit historisk vedtak som stod for fall før jul. Takka vera sterkt engasjement både frå målrørsla og ein del bra politikk her, så har vi oppretthalde språkdelinga. I dag er to tredjedelar av elevane nynorskelevar av dei som startar på skulen i Odda. Det kan styrkast om me opprettheld språkdelinga. Dei borgarlege partia, inkludert Høgre og Venstre og faktisk med støtte frå Sp, valde å få spring for å fjerna språkdelinga. Eg seier dette fordi dette bør ikkje vera ei lokal sak. Nynorsken er under press, sidemålet er under press, språkdelinga er under press og det trengs no ein rikspolitisk debatt. Ikkje berre her, veldig bra initiativ og veldig bra innleiingar og veldig bra innlegg til forsvar for sidemålet, med kun to unntak. Men målrørsla bør få ut denne debatten før valet, og klar gjera kva som er alternativa. Det er nemleg slik blir det no ei blåblå regjering så vil sidemålet bli avvika. Sjølv om dei snakkar om valfrihet, så betyr det å fjerna karakter som betyr at ein ikkje får noko særleg respons for sidemålet. Det som skjer no er at i neste veke så er det skuledebatt, og unge Høgre og FrP sin ungdom køyrer mange plassar nynorskhat, vekk med sidemålet. Det er forhatt i byer i bokmålsområder, og det er rein populisme. Dei bør gå til rette med sine ungdomspolitikarar som køyrer rå nynorskhet i skulevalet. Rødt vil i Stortinget. Me satsar på å koma inn på Stortinget og vi vil utfordra partia der, også den raudgrøne regjeringa. Dette er fordi alt er ikkje så vel. Det er nemleg slik at mange ungdomar lurar på kva vitsen er med å ta sidemålet. Når det i staten ikkje vert følgt opp nokon krav om at du skal ha kunnskap og kompetanse innan begge målføre, det er det nemnd opp nokre eksemplar på her. Riksreduksjonen gjekk faktisk inn å sjekka korleis mållova blir følgd opp i det statlege samfunnet i systemet. Det er det fyrste forslaget me vil reisa då i debatten. Det andre forslaget me vil reisa er det vert sankt middel i statsbudsjettet til at lærebøker kjem på både bokmål og nynorsk i alle fag. I dette året me feirar 200års-jubileum for Ivar Aasen så bør Stortinget vera såpassause at dei set av 200 millionar ekstra til å sikra lik jamstilling mellom bokmål og nynorsk i lærebøker på alle nivå. Og så til slutt; vi ser her no rundt omkring i kommunane våre nye landsmenn, og kvinner kjem og skal ut i arbeid. Med få unntak får dei opplæring på bokmål. Dei skal ut i arbeidslivet, der dei ynskjer å styrka nynorsken, og her som det faktisk er eit vedtak i Stortinget om å sikra ialfall i dei områda der det er prega av nynorsken så skal det også vera framandspråkleg undervisning og norskopplæring på nynorsk. Og på slutten her skal eg snakka om pressestøtta, den må me oppleva. Men ein må stilla krav til at dei avisene som får pressestøtte og media som får offentleg støtte, dei skal ialfall ha minst den same prosenten nynorsk som NRK, helst høgare. Då vil nynorsken bli «in», som Hagesæter seier. Det vil bli kult, og det vil koma fram i media. Det er kun snakk om politisk styring eller vedtatt nokre politiske mål om språkleg jamstilling og då må det nokre politiske vedtak til.

Vigleik Brekke: Høgre og FrP, dykk skal få lov til å forsvara ungdomspolitikarane dekkans. Går dykk for det som vert sagt?

Ove Trellevik: Dersom det er tilfelle dette her, så er det jo heilt beklageleg. Eg skal ta dette opp med unge Høgre sine folk så snart som eg møter dei og det gjer eg titt og ofte. Sånt kan eg ikkje stilla meg bak i det heile tatt. Me skal ha ein debatt og gå gjennom det me meiner, men me skal oppføra oss sakleg i denne debatten.

Gjermund Hagesæter: Eg kjenner ikkje til at våre ungdomspolitikarar har vore ute med nokon hets mot nynorsken. Dersom dette er tilfelle, så er det heilt uakseptabelt. Men det som me må vera klare over, er det at dagens politikk og målet vårt som har medført at nokon får eit sånn nærmast hat-forhold til nynorsken. Men me har fått større respekt for begge målformene, og det er det me må jobba for. Også er det dei som seier at mållova ikkje kjem til å lykkast. Men dette er heilt riktig. Det er nesten ingen som respekterer mållova i det heile tatt og då er det to måtar å seia det på; anten så er det mållova det er noko feil med, eller så er det folket det er noko feil med. Me meiner det at når det nesten ikkje er nokon som respekterer mållova, så er det altså ikkje folket det er noko feil med, då er det mållova det er noko feil med. Den øydelegg for nynorsken, og det er den som skaper eit nærmast hat-forhold mot nynorsken og det er trist.

Dame frå salen: Eg heiter Kjellbjørg Lunde og har vore sentral SV politkar på Stortinget. Eg har berre lyst å ta ut ein kommentar. Når fagdirektoratet legg fram et skriftleg forslag så er det betegnande for at det er relativ stor fare på ferde. Sjølv om Stortinget for berre nokre år sida gav ut to politiske meldingar som dei då gav til tilslutning til så er det faktisk slik at det er symptomatisk for at me fekk den debatten som me gjorde, så var det kjempebra. No har mitt parti og dei raudgrøne fatta nokre vedtak .

Vigleik Brekke: Har det hjelpt dekan til samling?

Kjellbjørg Lunde: Ja, altså eg trur det er viktig at kanskje får me regjeringa meir forsmak kanskje ikkje. Det er så mange understrømlar, og mange som er så kunnskapslause. No skal eg vera litt stygg med Fremskrittspartiet, og eg har eit sitat med meg. Mikkel Vara, som satt på stortinget på same tid som meg, og han sa, som er sitert i Bergens tidene 06.03.08, «FrP er ikke bare klasseløst, men også historieløst og kulturløst. Det er partiets styrke». Det er feil at den type populistisk argumentasjon har så gjenklang i eit land og eit folk som har så høgt utdanningsorgan. Derfor er det så bra at me har språkrådet, som og er her i kveld, og som elles klare og visa desse historisk kulturelle og politiske samhengane. Me må fortsette den debatten uansett kven som kjem til regjeringsmakt. Det er mitt budskap, og eg er klar til å vera med.

Vigleik Solvang:

Eg har ikkje så mykje eg vil seie, men eg vil kommentera litt i forhold til dette. Eg jobbar jo eit handverkarfag, og eg ser på det som eit problem på byggeplassane at folk er dårlege i norsk fordi det blir snakka dårleg engelsk og polsk og.

Kvinne som svarer Vigleik:

Det er jo alltid ein debatt, men det som du tar opp er jo norsk i forhold til andre språk. Det er og ein viktig debatt, men det med yrkesfag der går jo debatten på at vi har gjort den for teoritung. Det som vi har gjort i programmet er at ein del ting tar ein ikkje omkampar på, også har vi med dei klare kombinasjonane og vi har heller ikkje diskutert i den programprosessen me har hatt, men det er noko

som har vore i det førre programmet vårt.

Astrid Olsen:

Eg heitar Astrid Olsen, og eg er leiar Hordaland Mållag, Bergen Mållag. Nettopp så var det denne femte august dagen som vi feira Ivar Aasen. Då står eg på Torgalmenningen i regnver, og hadde plakat og delte ut masse materielle og slikt. Eg har stått for forskjellige sakar på Torgalmenningen i førti år, mange forskjellige sakar. Dette var første gong eg stod der utan at det var ein person som snakka nedlatande. Eg trur mange undervurdera kor sterkt nynorsken står i Bergen, og kor flott folk synest det er at me står opp for nynorsken. Det er ein myte det der at me ikkje skal snakka nynorsk, og at det er pinleg med nynorsk. Moderne bergenserar sånn som eg er, sjølv om eg byrjar å bli gamal, me skriv sjølv sagt nynorsk. Det er veldig mange som veit det, og vil at me skal ta opp dette her. Det er ikkje lenger sånn at bergenserar kan komme opp på talarstolen og seie at eg snakkar ikkje nynorsk; då høyrer dei ikkje kva dei sjølv seier. Sjølv sagt snakkar me dialekt, men ein snakkar så mykje nynorsk i forhold til bokmål viss du er bergensar. Det er pinleg og tråkke det ned. Eit godt sitat er at skal du måla eit demokrati så må du vurdera korleis du behandlar mindretalet. Og då er det, særleg til dykk i Høgre partiet, du snakkar om tvang og fridom, men kor mykje tvang er det ikkje og kvar dag måtte lesa alt det konversielle på bokmål? Me badar jo i bokmål; det er tvang, og eg har ikkje spurt om det. Eg er også norsk lærar, og eg har lov å få elevane mine til å skrive nynorsk på ein nynorsk skule. Dei lærar nynorsk på skulen, også går dei ut og badar i tvungen bokmål. Då kan ein snakka om tvang. Men det ser jo mørkt ut framføre valet, men det som ikkje ser mørkt ut det er forsamlinga her. Der dei alle fleste vil sloss for nynorsk. Dette jamstillingsvedtaket frå 1885, og då tenker eg; jaja, me har jo byrja på nytt igjen før me. Men eg trur at dykk undervurderer folket viss dykk trur at i dag, i 2013, går an å tråkke så mykje ned på nynorsken som før i tida. Folk vil ikkje mobba nynorsken så primitivt som før. Det er vårt håp i målrørsla.

Språk er makt, og språk er identitet. Og den som eg synest har argumentert best for å halda på sidemålet og styrka sidemålet her i dag, det er faktisk ein Høgre representant. Og det var leiaren i Hordaland Høgre, Liv Kari Eskeland, ordførar i Stord. Eg har vore ordførar på Stord før, og me bygde opp den største nynorskbyen i verda. Ho argumenterte og snakka, det ho sa var det sikkelege beviset på kor viktig det er å halda på sidemålet. Ho snakka om dilemmaet om og rekruttera folk, skulle dei vera god på det eine eller skulle det vera gode på det andre eller skulle dei vera gode på alt? For at sterke nynorsk området som Stord skal få veksa seg sterke og vera offensive på nynorsken, så må dykk kunne rekruttera folk som kan sidemål. Derfor syntest eg at det var veldig bra, og eg veit at du ikkje likar det Høgre står for elles. Forslaget om grunnlovsfesting for nynorsk sine rettigheter det er noko som me i Arbeiderpartiet godt vil vera med på og vurdera. Det var spenstig av Liv signe å kome med det. Det er jo endå slik grunnloven står over Arbeiderpartiet sitt partiprogram. Også vil eg avslutta med at me veit kva me får med ei raudgrøn regjering på dei fleste område, og i alle fall på dette området. Det er noko usikkert kva alternativa skal enda opp med. Når eg reiser til Stord i frå Stortinget så reiser eg til Stord lufthamn, og det går veldig bra. Når har eg vore på sjøen så er det Stord hamnestell, og det og går veldig bra.

Vigleik Brekke: Eg har lyst å nemne ein liten ting. I Fjell på Sotra, så har me noko som me kan kalla Sotra kystby. Der har dei no utgjeve to svære magasin sendt ut i 30 000 eksemplar til Fjell, Sunnhordaland og Askøy pluss Bergen vest, og begge dei to hefta som er laga er skrive tvers igjennom på nynorsk. Dette er det næringslivet som står bak. Det er altså vilje til å gjera noko i

næringslivet og.

Eg berre lurar på kvifor ein ikkje brukar rasismeparagrafen mot nynorsk-hetsen. Landet har ei lang historie med samehets, ein skam i det norske samfunnet. Heldigvis går verda framover og det er ikkje openlyst at opplyste folk driv med samehets lenger. Nynorsk hets den kan dei drive med ustraffa. Sjølv om det som Astrid Olsen nemner, verda går framover, og det er ikkje så gale som det har vore, og det må ein jo byggje på, men folk må ikkje få lov å fortsette med nynorsk hets ustraffa. Der er den hetsen. Også er det den andre sida, den diskrimineringa som mange opplever i arbeidslivet og i samfunnslivet fordi ein ikkje får høve til å nytte morsmålet sitt. Hadde det same gjeldt for andre språksamfunn og kulturar som er i landet, så hadde nok rasismeparagrafen kome fram. Det må ikkje lov å få fortsetje ustraffa det som blir gjort mot nynorsken, for det er ikkje lovleg i følge FN.

Arne Holt: Mitt namn er Arne Holt og eg representerer Bokmålsforbundet. Eg er sikkert ein av dei få bokmålsfolka i denne salen. Eg vil ha ein liten kommentar til Vonen sitt innlegg. Nynorsk er diskriminert, fordi det er eit mindre brukt språk. Men kva er grunnen til at det er mindre brukt? Jo, det kjem av det norske folks val. Over 90 % av den norske befolkninga har valt bokmål. Då vil det jo nødvendigvis vere mindre nynorsk i samfunnet. Det har ingenting med diskriminering å gjere, det er eit demokratisk val som den norske befolkning føretar. Det må ein respektere, men det gjer ein ikkje i dag. Saken gjeld dette angående jamstillingsvedtaket i 1885, ein koplars altså to ting opp mot dette, nemleg denne tvungne sidemålsundervisninga og språket i staten. Saken gjeld at dette såkalla likestillingsvedtaket, men kva står det eigentleg om desse to tinga i jamstillingsvedtaket i 1885? Eg har teke ein kopi av stortingets forhandling i 1885, og kva står det eigentleg der? Det står to konkrete ting, for det første når det gjeld språket i staten så står det følgjande: Me har og tenkt at det bør vere slik at det står fritt for alle som lever i stat, kommune eller kyrkjestaten, embetsmenn eller folkevalte til å bruke det målet dei sjølv finn høveleg, bokmål eller landsmål, i skrift som i tale, til offentleg bruk. Sitat slutt. Dette er det stikk motsette av kva som er tilfelle i dag. Og så gjelder det dette med sidemålsundervisninga, det står også eit par setningar om dette. Av den grunnen er det sjølv sagt at ungdommen på landet må lære å lese det vanlege bokmålet men av same grunn trur me at ungdommen i byen bør få noko kunnskap i folkemålet. Dette måtte vel gå for seg slik at det er pålagt at alle skulane i det offentlege må bruke nokre av timane i norsk til øvingar i å lese landsmålet, med andre ord ein lett munnleg undervisning i sidemål. Det er det som står i jamstillingsvedtaket. Det stikk motsette av det som står i dag, med tvungen sidemålsundervisning. Det seier to ting, det at man faktisk vert overraska over dei landsmøtevedtaka som er fatta i Høgre og i FRP ganske nylig.

Marit Aakre Tennø: Då vil eg først korrigere ein feil hjå FRP som seier at det skal brukast billionar av kroner på å omskilte Bergen Lufthavn, det stemmer ikkje, for Avinor som mange av dykk veit, har stelt Noregs Mållag sin stafettlogo og skal uansett omskilte alle sine lufthavner rundt om i Noreg, så å gjere Bergen lufthavn om til lufthamn vil koste ingenting ekstra. Så kan ein no snu litt på det FRP seier, det siste året med denne norskfag-saka, så har jo mange hevda at sidemålsordninga er spelt fallitt. Motstanden mot sidemål blant skuleelevene, er så stor at no må me slutte med sidemålsopplæring. Men det sit mange her ser eg som sikkert kan skrive under på at motstanden mot nynorsk den var rett og slett mykje større før. Ergo, som Astrid Johnson har sagt, det er fyste gong ho i år at ho ikkje har fått slengbemerkingar når ho står på stand for nynorsknorsken. Ergo, har mållova og sidemålsundervisninga fungert, fordi at haldningane til nynorsken har endra seg til det positive. Det trur eg dei fleste kan skrive under på. Ein blir ikkje hetsa for å skriva nynorsk i Bergens Tidene i dag, det blei ein for ikkje lenge sidan. No når BT kom på nynorsk, var det 3 stykk som ikkje ville ha BT

meir, ikkje fleire.

Kjære ordstyrar, panel, og møtely. Det er triveleg å vere her i kveld. Triveleg for meg som har hatt høvdingen på Stord med meg, eg kjem også frå Stord og er medlem og styremedlem i Stord mållag. Eg har 40 år bak meg i Bergen og Oslo i næringslivet, og har på mine gamle dagar engasjert meg meir og meir i mållags-arbeid, sjølv om eg har brent for saka i mange år. Innlegga her i kveld er fenomenale, i frå alle partar synst eg. Skulle det ha vore nynorskval og berre nynorskval så hadde eg stemt på Terje Kolbotnen, venstre-representanten, for ein bauta du er Terje og kor godt det er å høyre at du kan brukast i mållags-saka. Før eg kom her i kveld så bestemte eg meg for at eg lagar ti tesar akkurat som Martin Luther gjorde og mange fleire. 1. språk er ikkje det rette språk og det er ikkje det rette året å svekke opplæring og eksamen i sidemål. Det er eit paradoks å leggje opp til det. 2. Å ta vekk eksamen i sidemål i skulen er å velje bort kompetansekrav i eit av våre to jamstelte skriftspråk. 3. Dersom du i skulen får tilbod om å sleppe ein eksamen i eit eksamensfag, les sidemål, ja så vil dei fleste det. Spesielt dersom det vert velsigna politisk. Men bør dette vera norsk rikspolitik? Me må skilja mellom språkopplæring på mikro-plan og makro-plan. Her ligg den viktigaste oppgåve for våre politikarar. Det er slik at så godt som alle vil ha redusert arbeidsmakt og mindre læringspress når spørsmålet kjem opp på mikro-plan. 6. På makro-plan i praksis vil eit eksamensfritt sidemål svekka kunnskapsnivået i nynorsk, som sidemål i skulen, og over tid det nynorske minoritetsspråket. Dette er politisk uklokt. 7. Det vil nokså effektivt ta knekken på nynorsk som hovudmål for elevar som soknar mot nynorsk i dag. 8. Nynorskelevar vil velje bokmål som majoritetsspråk, i landet vårt og på mikro-plan vil dei helse velkomen til eit eksamensfag mindre. 9. Det er politikaranes oppdrag å gjere til rette for jamstilling av nynorsk og bokmål, i dag må sidemålsundervisninga styrkast ikkje svekkast, språkleg kompetanse gjennom kunnskapsutvikling gjeld også i språkåret. 10. Å kutte ut eit eksamenskrav i sidemål, svekker kompetanse og er ei lettvinnt løysing.

Namnet mitt er Nils Meven. Eg er eining med dei 5 i panelet som seier at det å fjerna sidemålet er det same som å fjerna kunnskap for skulen. Så litt anna tema, men har tilknytning til dette, er noko som direktøren i språkrådet var inne på, dette at engelsk gjer seg sterkare og meir gjeldande på mange område. Eg har yrkesbakgrunn innanfor høgare utdanning, eg har alle desse åra erfart at norsk, språk og nynorsk er på sterk vikande front som vitskapsfag og fag. Det engelske overtar. Og dette er vel ei av dei største utfordringane for Noreg, og eg håpar at stortingskandidatane tar og fatt i denne saka. Takk.

Arnfinn Muruvik Vonen: Hjertelig takk og tusen takk for det jeg har fått lov til å være med på i kveld. Jeg skal bare veldig kort vise til den rapporten som har vært nevnt her i hvertfall en gang om ikke flere ganger, som språkrådet har fått utført nå i vår om partiprogrammenes språk og hva partiprogrammene sier om språk. Den rapporten er blitt laget av professor Jostein Gribsrud her ved universitet i Bergen. Han har jo da som sikkert mange har fått med seg funnet den mye tåkeprat og mye som er uforpliktende om de siste partiprogrammene. Med det som bakgrunn synes jeg det har vært en velsigna og klar opplevelse og få til å høre på dere i panelet her i dag. Så vil jeg sitere en av panel deltakerne: Einar Holvei, som debatt er ikke farlig. Det syntes jeg var klokt sagt, også vil jeg bare tilføye at debatt kan være veldig bra, og ekstra bra viss den utføres med kunnskap og respekt. Vi i språkrådet skal gjøre hva vi kan for å sikre det også i framtidige debatter. Takk for meg

Gjermund Hage Sæter har ordet: Tusen takk for det og takk for debatten her i dag. Eg meiner fortsatt at vi blir naudsynt til å styrke respekten for nynorsken og haldninga til nynorsken. Og det trur eg altså me ikkje gjer ved å bruka tvang. Det har altså slått feil så langt og eg trur ikkje det verkar noko betre i åra framover. Me har som sagt mållova, og det er veldig få som bryr seg om mållova. Då meiner eg det at det er lova og ikkje folket det er noko gale med. Viss det blir slik at ein skal bruke rasismeparagrafen mot dei som hetsar nynorsk, det forutsett at me som snakkar nynorsk er ein anna rase enn dei som snakkar bokmål, og det meiner eg er å dra den litt langt. Eg trur ikkje rasismeparagrafen er så aktuelt her. Det blir vist her at før han drog her sidemannen at han reiser til Stord lufthamn og lever godt med det. Det forstår eg veldig godt og eg har ikkje noko problem med at det heiter lufthamn, men det som er poenget slik som dette kom fram er at det ville kosta mykje pengar og skifte Bergen lufthavn om til Bergen lufthamn. Eg skulle ønskt det at me hadde nokon frå Bokmålsforbundet som gjekk ut og seier det at Stord lufthamn, må skifte til lufthavn. Det ville blitt ein styrke for nynorsken, og mange ville ledd av Bokmålsforbundet. Det er det som nynorsk og målørsla ikkje ser, det er at den typen utspel det styrkar ikkje respekten for nynorsken, om ein skal bruke tid og krefter på om det skal heite Bergen lufthavn eller Bergen lufthamn. Dei som reiser er opptatt av at flya skal gå presis og lande presis, dei er altså ikkje opptatt av namnet.

Ove Trellevik: Tusen takk for i dag og tusen takk for gode innlegg og gode debattar. Det var for meg både spennande, lærerikt og kjekt å få lov til å vere med her i kveld. Nynorsk er både flott og lese og det kling godt og det er mange gode dialektar som er knytt opp til nynorsken. Eg håpar at me sjølvsgt kan bevare alle desse gode dialektane me har i Noreg i dag. Eg ser fortsatt ikkje poenget med å ha to skriftspråk i Noreg, Høgre har ikkje vedteke at me skal ha eit, me har vedteke at me skal ha eit valfritt skriftmål i sidemål. Eg støttar dette, men det er ikkje i det heile teke den viktigaste saka for meg. Det er kanskje ikkje det beste vedtaket me har gjort på landsmøtet vårt, men alle dei andre vedtaka på landsmøtet vårt dei kan dykk gå god for.

Emil Andre Erstad: Eg trur alle som er her i kveld kan vera einige om at debatten om sidemålsundervisninga i realiteten er ein debatt om me skal ha to jamstilte skriftspråk i Noreg. Ein kan ikkje på den eine sida seie at me skal ha to jamstilte skriftspråk, medan ein på den andre sida seier at over halvparten av befolkninga ikkje skal få opplæring i det eine skriftspråket. Då er det ikkje lenger jamstilling, då er det total arbeidskjøring, og diskriminering av mindretal det er udemokratisk anten det skjer i Russland, Uganda eller i Noreg. Det kan me ikkje ha noko av. Eg trur me kan vere einige om at den største utfordringa for norsk språk den kjem utanfrå, den heiter ikkje Gjermund Hagesæter eller Ove Trellevik, sjølv om me har høyrte mykje derfrå i dag, men den kjem utanfrå. Me treng altså å verne og styrke norsk språk slik som KRF stadfesta tydeleg og klinkande klart på godt nynorsk. Me treng å styrke norsk språk, nynorsk skriftkultur spesielt. Dette blir viktig i åra som kjem og me meiner løysinga er meir sidemål, ikkje mindre, og det må tidlegare og det må skje betre. Avslutningsvis så vil eg sitere norsk målungdom sitt gode slagord for nokre år tilbake, «Snakk dialekt, skriv nynorsk, og stem KRF.»

Kjersti Torpe: Takk for den. Det som eg syns var mest spennande i vår det var jo at ein pleier ikkje å bestemme læreplanen politisk. Det som var forslag på frå utdanningsdirektoratet kunne ha blitt vedtatt. Det som skjedde var at me greip inn og det viste jo at språket er politikk. Det er eit stort paradoks at mange parti diskuterer karakterar på landsmøtet, også er det ikkje sikra at det skal vedtakast av stortinget. Det er og ein ting me må sikre for framtida, og det er at skal det skje endringar i forhold til dette, så må det vera ein politisk sak og dei folkevalte i Stortinget må vedta det.

Så er eg eining i det som er sagt med at fleire som nyttar hovudmål no må vera ei prioritert oppgåve å få til, og at ein sikrar at færre vel bort sidemålet sitt ved overgang til ungdomsskule, vidaregåande skule og universitet. Likt med desse som snakka om høgskule og universitet, og engelsk. Eg er heilt einig og skal referere frå programmet vårt, kapittelet om språk er nesten like omfattande som kapittelet om rovdyr. «Norsk som fagspråk blir i dag sterkt utfordra av engelsk, spesielt undervisninga ved universitet og høgskular. Me vil stimulere til meir bruk av norsk som fagspråk og for å halde på mangfaldet i det norske språk og oppfostre for meir inkluderande arbeids og samfunnsliv der alle meistrar språket som blir brukt. Det vil motverke at norsk språk blir utvaska frå ulike samfunns og fagområde. Heilt til slutt er det veldig mykje opposisjonen skal bli einige om, eg trur ikkje at dette skal vere enkelt og at me skal prioritere dette framfor alle dei andre område som ein ikkje er einige på, men me har eit avtalt standpunkt frå den raudgrøne sida. Det er ikkje heilt slik som du sa om at eg er heilt sikker, eg treng stemmene og fortel det gjerne til ein god ven av dykk. Stem på Senterpartiet og meg så er dykk med å kjempe for språkpolitikken. Takk.

Einar Horvei: Me har to jamstilte skriftspråk, og me har to språk der styrken er like stor. At bokmålspråket har fleire brukarar det er det minste problemet, dei har på si side sterke kapitalkrefter, presse, maktapparat, så forutsetningane er ikkje like. Når Hagesæter snakka om at berre slepp det fritt så går det seg til, så fekk eg eit merkeleg bilete i hovudet. Da var min gode ven Kjersti her i bokseringen med Cecilie Brækhus. Kjersti, eg trur du hadde tapt. Takk.

Terje Breivik: Tusen, tusen takk for ein utruleg god kveld. Eg vil nett kommentere dette som leiar i Noregs mållag sa. Det var ein veldig fin påminning til nynorskbrukarar. Eg har sjølv jobba i Oslo i 9 år. I dag opplever eg i tvert imot at det nesten gjer status å snakke brei dialekt sjølv i Oslo, i alle samanhengar. Eg er Venstre sin nærings-politiske talsmann, og har vore det i 3 år etter at eg blei nestleiar. Vore i utruleg mange samanhengar og møtt næringslivet midt i Oslo, og snakka akkurat like brei dialekt om eg snakka med dei som eg snakkar med dykk som sit her i denne salen. Eg har til denne dag ikkje opplevd at nokon har reagert negativt på det. Så har eg hatt ein på kontoret mitt, ein av mine tilsette, som ikkje skjønar noko dialekt. Han har eg forklart dei mest vanskelege orda til, så det har gått veldig fint. Så vil eg avslutningsvis seie at denne debatten til dei grader har fått fram, viss du ser og har trua på at eit regjeringsskifte i valet 9.september, det er litt tidleg å konkludera med sjølv om veldig mykje tyder på at det vert det, så er det ingen tvil om at det er stor skilnad på kva ein gjer med nynorsk, avhengig av kva regjering det blir, ei blå-grønregjering eller mørkeblå. Og det som vert veldig viktig parametrisk etter mitt syn, da er styrkeforholda mellom venstre og KrF på den eine sida og FrP på den eine sida. Eg ser vel på forsamlinga at det er neppe alle her som kjem til og vurdera å stemma verken KrF eller Venstre, men i den grad dykk er på den sida så følg med på meiningsmålingane heilt opp til valdagen. Gjer dykkar eigne vurderingar, og eg har stram tru på at dette kjem til å gå veldig bra. Takk.

Vigleik Brekke: Då du fekk den målprisen i Sunn, kan du fortella stemmegrunnlaget for den prisen veldig kort! Værsegod.

Kort for bakgrunnen ja. Eg blei ordførar og året etter på så fekk eg målprisen i Sunn. Då blei eg veldig stolt og glad, men då leiaren i Mållaget delte ut prisen så seier han det; «Ove Trellevik, det er ikkje for kvaliteten, men for forsøket».



Vigleik Brekke: Då har eg lyst og seie tusen takk til alle som kom, spesielt panelet, og besøket frå Språkrådet, Mållaget, og ordføraren i Stord. Tusen takk til alle som kom og var til stade og tusen takk for eit flott engasjement. Og vel heim!